



Aspirantane fekk flott lyd i instrumenta. Her ser vi dei på første øving saman med instruktørane Camilla og Hanna.

**Den gode utviklinga som skulemusikken hadde i fjoråret, held fram. Onsdag var det klart for første øving denne sesongen, og mellom dei som møtte opp, var det fire nye, spente aspirantar. Alle fekk flott lyd i instrumenta, og no er dei klare for å øva godt framover. Dei er heldige og har to unge, flinke instruktørar i Camilla M. Ripel og Hanna Tvilde som samarbeider med korpsdirigenten Tor Skeie Olsen.**

Dei fire aspirantane som møtte til si aller første øving, var Ylva og Vilde Helgesen, Nora Tungesvik og Ann Cecilie Da Silva Yri. Veldig kjekt var det at alle fekk så flott lyd i instrumenta den aller første gongen. I tillegg er det ein aspirant som var forhindra denne gongen, men som har meldt seg på. Og det kan bli fleire en desse fem, for styret håpar framleis at endå fleire vil bli med på denne flotte hobbyen. Dersom nokon har spørsmål, er det berre å kontakta Monica Hermann (906 35 493) eller Haldis Aakra (970 43 869). Korpset har øvetid kvar onsdag frå kl 1700-1900.

Med aspirantane har no medlemstalet i skulemusikken passert 15 med god margin og nærmar seg 20. Det er ein fantastisk oppsving når vi veit at medlemstalet var heilt nede i 6 i fjor sommar. Det ser ut som den flotte utviklinga som starta i fjorårssesongen held fram. Styret jobbar svært godt og saman med dirigent Tor Skeie Olsen og dei to unge instruktørane Hanna Tvilde og Camilla Myklebust Ripel har dei skapt eit miljø som gjer at borna trivst veldig godt med musikken.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Haldis Aakra